

Fra: kultur@hfk.no
Sendt: 08.09.2015 12:58:47
Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak
Kopi:

Emne: arkivnummer 2015/3055. søknad om stønad til den kulturelle spaserstokken
Vedlegg:

Sokjarkommune: Osterøy kommune
 Kommunenummer: 1253
 Postadresse: Rådhusplassen
 Postnummer: 5282
 Poststad: Lonevåg
 Kontaktperson: Bente Dammen
 Telefonnummer: 56192602

Epost: bente.dammen@osteroy.kommune.no

Total_soknadssum: 120 000 Summen er identisk med det vi fekk då tildelingane kom frå departementet.

Tal_arrangement_1: Omlag 30, men her spelar størrelsen på tildelingane ei viktig rolle.

Tal_arrangement_2: : Kvar veke. Arrangement kvar veke, både på avdelingane med små grupper og einskildpersonar. Og felles arrangement for bebuarar og alle andre eldre i kommunen, samt «Generasjonssong» saman med eldre på institusjonen og babyar med foreldre.

Tal_arrangement_3:

Samarbeidande kommunar kommunenummer:

Kor_mange_tiltak: Omlag 30, men her spelar størrelsen på tildelingane ei viktig rolle.

Kva_type_arena: Vi nyttar forsamlingslokalet på Osterøytunet som arena for DKS. Osterøytunet er Osterøy kommune sin alders- og pleieheim.

Korleis_er_arbeidet_organisert: Det er Folkeakademiet Osterøy som står for organiseringa, både planlegging og gjennomføring.

Osterøy bibliotek har ansvar for søknad og rapportering og kontakt med Fylket og kommunen.

Kva_prinsipp: Vi har fokus på at innhaldet skal høva for målgruppa, altså pensjonistar og eldre i Osterøy kommune. Så prøver vi å nytta ulike sjangrar og kunstnarlege uttrykk for å nå dette målet. For mange av tilhøyrarane vekkjer det stor glede med nok kjent, t.d. songar dei kan vera med på. Samstundes tek vi også med nyare uttrykk ikkje minst for at tilhøyrarane skal kjenna seg også som kommunen/ein del av samtida og det samfunn dei lever i.

Nyskapande: Tilbodet om «Generasjonssong» er nyskapande: Her kjem foreldre med babyar, og møter ei gruppe av bebuarane på Osterøytunet. Ein syng songar og songleikar/dansar som bebuarane kjenner frå eigen barndom. Songane har mange gode kvalitetar som også apellerar til babyane og foreldra som synast det er spennande at songane har lokal forankring. Dei gamle songane og dansen skapar møteplassar mellom generasjonane, og gir ein samhandlingsarena der ein spontant delar tid og gylne augeblikk. Dei gamle vert engasjerte og minnst musikk frå eigen barndom og songar dei plutsleg huskar, vert eit viktig bidrag til fellesskapet også i form av dialog og historier. Slik blir dei eldre i Generasjonssong- gruppa, viktige ressurspersonar og tradisjonsberarar som vidareformidlar eigne barnekultur til dei yngre generasjonane. Det skapast ein meistringsarena der bebuarane vert viktige kulturformidlararar, både i og utanfor sjukeheimen

Det kunstnarlege innhaldet elles i det som blir framført kan vanskeleg kallast nyskapande, sidan mykje er bevisst det motsette, nemleg kjende og kjære kulturinntrykk som dei gamle har gode minne knyta til. Men det som er nyskapande er forma: Vi lagar møteplassar mellom dei eldre og kulturen som er litt uformelle og passeleg lange i tid, der tilhøyrarane ikkje treng bekymra seg for skyss, rullatorproblem, rullestoltilgjenge, toalettbesøk og andre praktiske ting som gjerne gjer at mange i målgruppa kvir seg til eit vanleg konsertbesøk. Vi er også nyskapande på den måten at vi tek store kulturuttrykk med oss inn i ei minimalistisk form på liten scene slik at dei eldre også får møta desse.

Maalgruppe: Spesielt retta mot dei som held til på Osterøytunet, men også ope for eldre og pensjonistar og pårørande, i Osterøy kommune som vil komma dit og ta del.

Annan_finansiering: Det er stor eigeninnsats i form av administrativt arbeid og arbeidet med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av alle arrangementa. Alle tildelte midlar går direkte til den kunstnarlege aktiviteten

Prosjekt_1: Torsdagskonsertar. Kvar torsdag kl. 17.00 – 17.30 på Osterøytunet. Vi legg vinn på å nytta utøvarar som held profesjonell kvalitet og som har evne til å kommunisera med publikum.

Kultursjanger_tema_1: Mest konsertar men og andre kulturuttrykk.

Prosjekt_2: Musikkterapi. Vi har over nokre år klart å oppretthalda ein 10% stilling i musikkterapi ved Osterøytunet, der musikkterapeuten syng og spelar saman med dei eldre. Ho har også fått liv i eit eldrekor der gamleorganisten som bur på institusjonen er lei. Dessutan har ho saman med miljøterapeuten ansvar for Generasjonssongen.

Kultursjanger_tema_2: Song, musikk, dans og «skoser».

Prosjekt_3:

Kultursjanger_tema_3:

Anna_merknader: Folkeakademiet Osterøy har på vegne av Osterøy kommune stått ansvarleg for drifta av Den Kulturelle Spaserstokken heilt sidan ordninga blei landsdekkjande og ein kunne søkja om sentrale midlar. Vi ser kor stor glede og trivsel tiltaket fører med seg. All forskning underbyggjer også det vi opplever: Kultur, song og musikk er helsebot for alle menneskje, ikkje minst for dei eldre.

Vi ser fram til at tildelinga også denne gongen kan gjera at vi kan fortsetja med dette meiningsfylte og viktige arbeidet.